



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
002/26	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	10.02.2026
002/26	Eldrerådet	10.02.2026
002/26	Utvalet for helse og omsorg	11.02.2026
031/26	Formannskapet	12.02.2026
014/26	Kommunestyret	26.02.2026

Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter

Vedtak i Kommunestyret 26.02.2026:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande. Kommunen planlegg eit nytt omsorgssenter i Førde som eit moderne og fleksibelt bygg, med særleg vekt på demensvenlege institusjonsplassar. Dei to institusjonane i Førde må sjåast i samanheng og mogelegheitene for å legge til rette for samlokalisering av heimetenester, rehabiliterings- og korttidsplassar, samt nødvendige støttefunksjonar skal vurderast.

Formannskapet og Utval for helse og omsorg blir involvert i arbeidet med å ferdigstille Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg.

Innstilling frå Formannskapet 12.02.2026:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande.

Bakgrunn for saka

Sunnfjord kommune står ovanfor store demografiske og strukturelle utfordringar innan helse- og omsorgstenesta. Det er vedteke å etablere 70 nye demensvenlege institusjonsplassar i Førde. Vi har gjennomført ei behovsanalyse for å sjå på innhald og fordeling av institusjonsplassar i kommunen.

Prosjektgruppa foreslår at kommunen går vidare med planlegging og utforming av nytt omsorgssenter i Førde basert på ein spesialisert modell. Denne modellen legg til rette for styrking av fagmiljø, fleksibel bruk av institusjonsplassar og effektiv ressursbruk. Prosjektgruppa sine tilrådingar blir lagt til grunn i det vidare arbeidet med nytt omsorgssenter:

1. Det nye omsorgssenteret i Førde blir planlagt etter prinsippa i den spesialiserte modellen

2. Det blir lagt til rette for demensvenlege institusjonsplassar som inkluderer forsterka skjerma einingar, avlastning for personar med demens og fleksible løysingar som kan tilpassast endringar i behov
3. Langtidsplassar, avlastningsplassar og palliative plassar bør vere tilstades på alle lokasjonane
4. Korttid, rehabilitering og Førde heimetenester blir bygningsmessig samlokalisert.
5. Det blir sett av areal til støttefunksjonar som dagsenter, legekontor, treningssal, bårerom og fasilitetar for frivillege
6. Det blir gjennomført ei eiga vurdering av kjøkken- og vakeritenester med tanke på om kommunen i framtida skal drifte sjølv eller kjøpe desse tenestene
7. Det blir gjennomført ei eiga vurdering av behov for institusjonsplassar til yngre pasientar med samansette behov (t.d. nevrologiske sjukdomar. Dei 70 plassane som er vedtatt, er knytt opp til eldre pasientar)

Sunnfjord kommune har i dag 164 institusjonsplassar fordelt på fire lokasjonar. Bygningsmassen er delvis utdatert, og det er ventelister på institusjonane. Demografiske framskrivingar viser ei kraftig auke i tal eldre, særleg i Førde-området. Kommunestyret har vedteke å etablere 70 nye demensvenlege institusjonsplassar i Førde innan 2030. Behovsanalysen er utarbeidd for å kartlegge og vurdere behovet for ulike typar institusjonsplassar i Sunnfjord kommune, samt kva andre tenester omsorgssentera i Førde bør innehalde.

Saksutgreiing

Prosjektgruppa har, gjennom innspelsmøte og behovsanalyse, kartlagt dagens situasjon og framtidige behov for institusjons- og omsorgstenester. Arbeidet er samla i ein eigen rapport som ligg ved saka.

Rapporten skisserer tre moglege modellar for framtidig organisering av tenestene: desentralisert modell, spesialisert modell og kombinasjonsmodell. Behovsanalysen viser at framtidige brukarar vil ha meir samansette behov, samstundes som rekruttering av kvalifisert personell blir meir krevjande. Det er behov for meir fleksible og spesialiserte løysingar, styrkt heimeteneste og tettare samhandling med spesialisthelsetenesta.

Berekningar i rapporten viser at kommunen, med utbygging av 70 nye institusjonsplassar, kan dekke behovet fram mot 2040 dersom ein i større grad legg til rette for heimebaserte tenester. Alternativt vil ei utbygging av 70 nye plassar, kombinert med om lag 20 nye plassar ved eksisterande omsorgssenter, gi tilstrekkeleg kapasitet ved vidareføring av dagens dekningsgrad. Mot 2050 er behovet estimert å auke med om lag ytterlegare 50 institusjonsplassar. Ei gradvis kapasitetsauke kan vurderast, men må vurderast opp mot økonomiske konsekvensar og langsiktig berekraft.

Vurdering

Prosjektgruppa vurderer den spesialiserte modellen som best eigna til å møte framtidige behov. Modellen gir betre føresetnader for sterke fagmiljø, effektiv drift, fleksibel bruk av institusjonsplassar og langsiktig berekraft. Samlokalisering av tenester gir betre ressursutnytting og styrkt samhandling.

Det blir tilrådd å planleggje eit nytt omsorgssenter i Førde som eit moderne og fleksibelt bygg, med særleg vekt på demensvenlege institusjonsplassar. Dei to institusjonane i Førde må sjåast i samheng. Det bør vidare leggjast til rette for samlokalisering av heimetenester, rehabiliterings- og korttidsplassar, samt nødvendige støttefunksjonar. Nærare omtale av løysingar og alternativ går fram av vedlagt rapport.

Lise Mari Haugen kst. kommunedirektør	Kirstin Bruland kommunalsjef
--	---------------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 26.02.2026:

Nytt forslag til vedtak frå SV (Seinare trekt), fremja av Magne Aardal (SV):

Behovsanalysen og vedtak i Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg 2026- 2040 vert lagt til grunn i planlegging av nytt omsorgssenter i Førde, og framtidig struktur i helse og omsorgssektoren.

Alternativt framlegg til vedtak frå V, SP, AP, H og VIP, fremja av Gunn Merete Paulsen (V):

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande. Kommunen planlegg eit nytt omsorgssenter i Førde som eit moderne og fleksibelt bygg, med særleg vekt på demensvenlege institusjonsplassar. Dei to institusjonane i Førde må sjåast i samanheng og mogelegheitene for å legge til rette for samlokalisering av heimetenester, rehabiliterings- og korttidsplassar, samt nødvendige støttefunksjonar skal vurderast.

Formannskapet og Utval for helse og omsorg blir involvert i arbeidet med å ferdigstille Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg.

Alternativ avstemming:

Formannskapet si innstilling fekk 6 stemmer (SV, MDG) og **fall**
V, Sp Ap, H og VIP sitt framlegg fekk 31 stemmer og **vart vedteke**

KST-014/26 Vedtak:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande. Kommunen planlegg eit nytt omsorgssenter i Førde som eit moderne og fleksibelt bygg, med særleg vekt på demensvenlege institusjonsplassar. Dei to institusjonane i Førde må sjåast i samanheng og mogelegheitene for å legge til rette for samlokalisering av heimetenester, rehabiliterings- og korttidsplassar, samt nødvendige støttefunksjonar skal vurderast.

Formannskapet og Utval for helse og omsorg blir involvert i arbeidet med å ferdigstille Kvalitet og kapasitet i helse og omsorg.

Behandling i Formannskapet 12.02.2026:

Camilla Lovise Elvebakk Stein, prosjektleiar, innleia med ei orientert om hovudpunkta i behovsanalysen.

Avstemming:

Utvalet for helse og omsorg si innstilling vart **einstemmig tilrådd**

FORM-031/26 Vedtak:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande.

Behandling i Utvalet for helse og omsorg 11.02.2026:

Forslag, fremja av Laila Oppedal (Ap):

Det må vere plassar for personar med demens, og dagsenter, på alle lokasjonane.

Einingsleiar Førde heimeteneste einings 2, Camilla Lovise Elvebakk Stein og kommunalsjef Kirstin Synnøve Bruland orienterte og svara på spørsmål.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig godkjent**

UHO-002/26 Vedtak:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande.

Behandling i Eldrerådet 10.02.2026:

Einingsleiar Førde heimetenset Camilla Lovise Elvebakk Stein og kommunalsjef Kirstin Synnøve Bruland orienterte og svara på spørsmål.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig godkjent**.

ELDR-002/26 Vedtak:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande.

**Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
10.02.2026:**

Einingsleiar Førde heimetenset Camilla Lovise Elvebakk Stein og kommunalsjef Kirstin Synnøve Bruland orienterte og svara på spørsmål.

Avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig godkjent**.

RMNF-002/26 Vedtak:

Rapporten "Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter" vert teken til vitande.

Vedlegg i saka:

Rapport Behovsanalyse - innhald i nytt omsorgssenter